

Læreplan i vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag handlar om å utvikle yrkesutøvarar som kan bidra til å dekkje samfunnet sitt behov for ulike pedagogiske tilbod, slik at barn og unge får utvikle seg allsidig. Det handlar om å leggje til rette for ein trygg oppvekst med omsorg, leik, læring og aktivitetar som stimulerer til livsutfalding, undring, utforskartrøng og skaparglede. Programfaga skal bidra til å styrkje den heilskaplege helsa blant barn og unge og utvikle yrkesutøvarar som kan velje pedagogiske metodar som fremjar trivsel, danning og meistring. Programfaga skal også bidra til å utvikle yrkesutøvarar som kan samarbeide profesjonelt med barn og unge, føresette og kollegaer og møte brukarar i eit digitalt samfunn i stadig utvikling.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag skal bidra til å utvikle identiteten og kulturen til barn og unge, og fremje forståing for at likeverd og likestilling er grunnleggjande verdier. I programfaga inngår også å forstå verdien av fellesskapet til barna. Vidare inngår å reflektere over eigne haldningar og verdier og eige ansvar for naturen og miljøet. Programfaga skal også bidra til å utvikle evna til å reflektere og tenkje kritisk, som grunnlag for godt fagleg skjønn.

Kjerneelement

Leik, læring og utvikling

Kjerneelementet leik, læring og utvikling handlar om barn og unge si utvikling og om bruk av utviklingspsykologi i det praktisk-pedagogiske arbeidet. Vidare handlar det om leik, læring og aktivitetar som bidreg til meistring og god sjølvkjensle. Omsorg som grunnlag for ein trygg oppvekst står sentralt. Å praktisere hygiene og smittevern inngår òg.

Samarbeid og relasjonar

Kjerneelementet samarbeid og relasjonar handlar om å kommunisere og samarbeide med barn, unge, kollegaer og føresette med ulik bakgrunn. Vidare handlar det om tverrfagleg samarbeid og relasjonskompetanse i møte med barn og unge, individuelt og i grupper.

Teknologi og lovverk

Kjerneelementet teknologi og lovverk handlar om moglegheiter og utfordringar som barn og unge møter i ein teknologisk og digital kvardag, og om å rettleie barn og unge til å gjere gode val. Vidare handlar det om å bruke ny teknologi i det pedagogiske arbeidet og å kommunisere med barn og unge og føresette ved hjelp av digitale ressursar. Det handlar også om å følgje etiske retningslinjer og å nytte relevant lov- og regelverk.

Didaktisk metodeval

Kjerneelementet didaktisk metodeval handlar om å velje metodar som bidreg til læring og meistring hos barn og unge. Vidare handlar det om å observere, planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere praktisk-pedagogisk arbeid med barn og unge.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å ta i bruk praktisk-pedagogiske metodar som fremjar livsutfoldinga, utforskartrongen og skapargleda til barn og unge. Det handlar også om å rettleie barn, unge og føresette til å gjere gode heilskapelege helseval.

Demokrati og medborgarskap

I vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å respektere andre sine meiningar og synspunkt. Det handlar også om brukarmedverknad i det praktisk-pedagogiske arbeidet. Temaet handlar vidare om å vareta verdiane i det demokratiske samfunnet vårt som grunnlag for profesjonell yrkesutøving og om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv.

Berekraftig utvikling

I vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å ta miljøbevisste val i det praktisk-pedagogiske arbeidet. Det handlar òg om korleis levemåte, sosiale forhold, ressursbruk og teknologi påverkar miljøet.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag inneber å kommunisere gjennom kroppsspråk, samtalar og ulike typar presentasjonar. Det inneber å tilpasse eige språk til mottakar, innhald og formål og å kunne lytte til og vise respekt for den ein snakkar med. Vidare inneber det å bruke relevante faguttrykk og uttrykkje eigne observasjonar presist.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag inneber å skrive planar, referat og dokumentasjon. Det handlar også om å skrive eigne tekstar til ulike formål, mottakarar og medium.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag inneber å forstå og setje seg inn i faglitteratur og å vurdere kjelder kritisk. Vidare inneber det å forstå planar og relevant regelverk. Det handlar også om å nytte barne- og ungdomslitteratur i yrkesutøvinga.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag inneber å bruke rekneverktøy, statistikk og diagram og utføre økonomiske berekningar. Det inneber også å bruke rekneartar i det pedagogiske arbeidet og måleiningar i arbeidet med ernæring og kosthald for barn og unge.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag inneber å innhente og behandle informasjon og fagstoff. Vidare inneber det å vurdere, organisere og bruke informasjon frå digitale kjelder formålstenleg og følgje reglar for opphavsrett. Det handlar også om å nytte digitale samhandlingsprosessar i det pedagogiske arbeidet. Digitale ferdigheiter inneber dessutan å utvikle digital dømmekraft og å vurdere eiga rolle på internett og i sosiale medium.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering pedagogisk arbeid

Kompetansemål etter pedagogisk arbeid

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for kva leik er, og kva betydning leik har for læring og utvikling hos barn og unge, og leggje til rette for ulike former for leik tilpassa alders-, modnings- og funksjonsnivå
- drøfte faktorar for gode sosialiseringssprossar hos barn og unge
- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere praktisk-estetiske aktivitetar i det pedagogiske arbeidet for barn og unge
- beskrive didaktiske metodar i det pedagogiske arbeidet som bidreg til motivasjon og fremjar glede og meistring
- gjere greie for ulike observasjonsmetodar og vise korleis desse kan vere utgangspunkt for pedagogisk arbeid
- gjere greie for sentrale trekk i utviklingspsykologien og nytte desse i det pedagogiske arbeidet
- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere aktivitetar for barn og unge som fremjar god heilskapleg helse
- planleggje og lage enkle måltid i tråd med tilrådingar frå nasjonale helsemyndigheiter
- rettleie barn og unge om respekt og toleranse for ulike kulturar og fellesskapet sine verdiar
- gjere greie for tiltak som førebyggjer kriminalitet og bruk av rusmiddel

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i pedagogisk arbeid når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i pedagogisk arbeid. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i pedagogisk arbeid ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i pedagogisk arbeid basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering kommunikasjon og samhandling

Kompetansemål etter kommunikasjon og samhandling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for vaksne sitt ansvar i samhandling med barn og unge og drøfte korleis relasjonsferdigheitene til den vaksne påverkar samspelet mellom barn og vaksne
- beskrive språkutviklinga til barn og unge og kva betydning språket har for personlegdomsutviklinga
- gjere greie for prinsippa for anerkjennande kommunikasjon og vise slik kommunikasjon i praksis
- gjere greie for ulike kommunikasjonsmetodar og vise korleis teikn til tale kan brukast i samtale med barn og unge
- samtale med barn, unge, føresette, kollegaer og andre samarbeidspartnarar på ein måte som fremjar tryggleik og tillit
- gjere greie for betydninga av eit godt sjølvbilete og ein trygg identitet for livsutfoldinga og skapargleda til barn og unge
- beskrive kva som kjenneteiknar ei velfungerande gruppe, og reflektere over og gjennomføre tiltak dersom gruppa fungerer dårleg
- gjere greie for kva sosial kompetanse og kulturkompetanse er, og foreslå tiltak som kan bidra til å utvikle slik kompetanse hos barn og unge
- gjere greie for kva ein konflikt er, foreslå førebyggjande tiltak og vise metodar for konflikthandtering i praksis
- gjere greie for korleis ein kan leggje til rette for samisk kultur i arbeidet med barn og unge

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon og samhandling når

dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i kommunikasjon og samhandling. Elevane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon og samhandling ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon og samhandling basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag

Kompetansemål etter yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- drøfte kva det vil seie å vere ein profesjonell yrkesutøvar og god rollemodell i barne- og ungdomsarbeidarfaget og å vise profesjonalitet i eige arbeid
- drøfte moglegheiter og utfordringar som barn og unge møter i ein digital kvardag, og rettleie barn og unge i å vise digital dømmekraft
- gjere greie for gjeldande regelverk for pedagogiske verksemder og vurdere korleis regelverket får konsekvensar for det pedagogiske arbeidet
- drøfte kva brukarmedverknad og medråderett betyr i møte med barn, unge og føresette, og vise korleis dette kan komme til uttrykk i praksis
- beskrive kva mobbing og krenkjande åtferd er, gi døme på førebyggjande tiltak og vise kva aktivitetsplikta inneber
- reflektere over samanhengar mellom identitet, seksualitet og sjølvkjensle og samtale med barn og unge om slike spørsmål
- gjere greie for kva som kjenneteiknar alderstilpassa omsorg, teikn som tyder på omsorgssvikt, og ansvar og tenesteveg ved omsorgssvikt

- reflektere over korleis oppveksten til barn og unge kan vere ein ressurs i det praktisk-pedagogiske arbeidet
- gjere greie for og praktisere god hygiene, og gjennomføre smitteverntiltak
- drøfte kva helse, miljø og sikkerheit og yrkesetikk betyr for arbeids- og læringsmiljøet
- gjere greie for ergonomiske prinsipp og bruke desse i yrkesutøvinga
- reflektere over kva det inneber å ta miljøbevisste val i yrkesutøvinga
- utføre grunnleggjande førstehjelp tilpassa barn og unge
- vareta eigne rettar og plikter i arbeidsforholdet og gjere greie for korleis partane i arbeidslivet utfører samfunnsrolla si i den norske modellen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i yrkesliv i barne- og ungdomsarbeidarfag basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Pedagogisk arbeid: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Kommunikasjon og samhandling: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Yrkesliv i barne- og ungdomsarbeiderfag: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Pedagogisk arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i barne- og ungdomsarbeiderfag: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Eksamen for privatistar

Pedagogisk arbeid: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon og samhandling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Yrkesliv i barne- og ungdomsarbeiderfag: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Pedagogisk arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i barne- og ungdomsarbeiderfag: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.